



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

200904131 - 30  
200904537 - 24  
201000541 - 23  
201001868 - 26  
201003018 - 32  
201208040 - 25  
201208042 - 25  
201208164 - 36  
201208167 - 30  
201208196 - 25  
201208197 - 25  
201208316 - 21  
KSK  
312  
KSK/

## Rauma og Nesset kommunar.

### Fråsegn til søknad om bygging av 11 småkraftverk. Tverrberget, Morgådalselva, Loftdalselva, Høgseterelva, Rabbelva, Skorgeelva, Stokkelva, Smøråa, Strandelva, Kvidalselva og Skorga.

---

#### Konklusjon

##### Rauma kommune

Etter ei samla vurdering fremjar Fylkesmannen motsegn i medhald av vannressurslova § 24 til omsøkte planar for utbygging av Tverrelva, Loftdalselva, Høgseterelva og Rabbelva (alternativ A).

Fylkesmannen rår i frå Rabbelva alternativ B. Vi vil også rår til at ein vurderer eit redusert alternativ i Smøråa, som ikkje får så store konsekvensar for den øvre delen av vassdraget (fossen).

Fylkesmannen vil ikkje gå imot utbygging av Morgådalselva, Skorgeelva og Stokkelva, Vi viser likevel til våre merknader til desse prosjekta.

##### Nesset kommune

Etter ei samla vurdering fremjar Fylkesmannen motsegn i medhald av vassressurslova § 24 til omsøkt plan for utbygging av Strandelva.

Fylkesmannen vil ikkje gå imot utbygging av Kvidalselva og Skorga. Vi viser likevel til våre merknader til desse prosjekta.

---

#### 1. Generelt

Vi viser til brev 09.12.2014 om å kome med fråsegn til søknad om 12 småkraftverk i kommunane Nesset og Rauma. Seinare er dette redusert til 11, da søknaden om Saufonn kraftverk er trekt. Geografisk lokalisering av omsøkte kraftverk samt andre liknande anlegg i området er gjeve i figur 1.




Fig. 1. Omsøkte prosjekt i småkraftpakke  sett i sammenheng med andre bygde, omsøkte og konsesjonsgitte kraftutbyggingar. Merk feil på kartet ved at Rabbelva og Høgseterelva er forbytta.

## 2. Innleiande merknader

### *Kvalitet på dokumentasjon/kunnskapsgrunnlag*

Den naturfaglege dokumentasjonen på terrestriske verdiar vurderer vi til å vere varierende. Det er utbyggingsområde der vi er usikre på om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter § 8 i naturmangfaldlova. Nokre av miljørapportane er best når det gjeld konsekvensane av røyrtaséar og vegar. Jamt over er det lagt for lite vekt på kva endringar ei redusert vassføring vil få for artssamansettinga i og inn mot vassdraga.

Sjølv om det kan vere umogleg å undersøke alle delar av eit vassdrag, burde det likevel ha vore ei betre fokusering på ikkje minst mosar som kan vere avhengige av ei naturleg vassføring og eit maksimalt fuktig miljø. I den samanhengen vil vi merke at det ikkje alltid er noko god løysing at ein som ikkje er spesialist på kryptogamar samlar inn prøvene. Det beste er at den som kjenner artane også har ansvaret for å velje ut dei fagleg sett mest interessante habitatane.

I småkraftpakka ser ein at i nokre av miljørapportane er det informert om at potensielle influensområde ikkje er synfare. Dette er grunngeve med små økonomiske rammer til miljøundersøkingane. Etter vår meining kan ikkje dette gå føre prinsippa i naturmangfaldlova i §§ 8-12, jf. § 7, om grunnlaget for offentlege avgjerder.

Når det gjeld anadrom fisk er kvaliteten på dokumentasjonen i hovudsak tilfredstillande. For nokre av vassdraga er det likevel noko usikkerheit om eksakt stopp for anadrom strekning.

Ingen av prosjekta kjem i konflikt med kjente førekomstar av elvemusling. Det vart gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av elvemusling i Møre og Romsdal i perioden 2009-2013.

Vi skulle gjerne sett at kunnskapsgrunnlaget når det gjeld landskapsverdiar og friluftsliv hadde vore betre. Det kan også synest som vurderingane av konsekvensane for desse tema er underkommunisert for fleire av prosjekta.

#### *Samla belastning*

Ei eventuell utbygging av desse vassdraga må sjåast i samanheng med alle dei andre kraftverksprosjekta i området; både eksisterande utbyggingar, gitte konsesjonar og planlagte tiltak. Konfliktvurderingane som framgår av dei enkelte søknadane er stort sett gjort isolert for kvar utbygging, sjølv om det i nokre av søknadene også er gjort forsøk på å omtale samla belastning ved å sjå større område under eitt. Desse vurderingane er av varierende kvalitet og vi er klar over at dette er ei vanskeleg øving med til dels manglande metodikk. Vi viser likevel til § 10 i naturmangfaldlova som stiller krav om vurdering av samla belastning på naturmangfaldet.

Etter det vi kjenner til er det heller ikkje utvikla gode metodar for å vektleggje eigenverdien ved urørt eller dramatisk vassdragsnatur.

Dei omsøkte prosjekta vil samla sett føre til vesentleg reduksjon i inngrepsfrie naturområde (INON). Som enkeltprosjekt er det Loftskardselva som utgjør den største reduksjonen. For fem av tiltaka er dette også område som er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Dette må vidare sjåast i lys av nasjonale og regionale mål for å ta vare på og hindre vidare oppsplitting av slike område.

#### *Vassforskrifta*

I Vann-nett er Skorgeelva, Kvidalselva og Skorga, oppført som vassførekomstar med god økologisk tilstand. Strandelva, Smøråa, Stokkelva, Morgådalselva, Høgseterelva, Rabbelva og Loftdalselva er ikkje utskilt som eigne vassførekomstar. Med den kunnskap vi sit inne med er det grunn til å tru at desse også har god økologisk tilstand. Glutra øvre (Tverrelva) oppstraums anadrom strekning og Glutra øvre (anadrom strekning) er sett i Risiko (kandidat til sterkt modifisert vassførekomst (SMVF)). Dette pga. hydromorfologiske endringar ved bortfall av ein stor del av nedbørsfeltet til Grytten kraftverk, utan krav om minstevassføring. I arbeidet med revidert forslag til miljømål, som no pågår, er vassdraget foreslått som SMVF, med mål om moderat økologisk potensiale (MØP) i 2021 og godt økologisk potensiale (GØP) i seinare planperiodar. Dette må sjåast i samanheng med heile vassdraget og framtidig vilkårsrevisjon for Gryttenutbygginga.

Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. Vi føreset at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

#### *Forholdet til verneområde*

Fleire av kraftverksprosjekta vil ha inntak ved/rett utanfor verneområde. Dette gjeld Loftdalselva, Rabbelva, Morgådalselva og Kvidalselva. Også inntaket i Tverrelva og Smøråa er i nærleiken av vernegrensa, men er lagt ein del høgdemeter nedanfor. For å vere sikker på å unngå konflikt med verneområda vil vi ved eventuell utbygging rå til at grensa blir markert i terrenget (ved hjelp av landmåler).

Vi minner også om at for område som ligg like utanfor verneområda skal tiltaka vurderast etter § 49 i naturmangfaldlova.

### *Kommunal vassdragsplan for Rauma kommune*

Rauma kommune vedtok i 2006 ein kommunal vassdragsplan (kommunedelplan for vassdrag). Bakgrunnen for denne var å lage eit styringsverktøy for vassdraga i kommunen. Arbeidet vart støtta av NVE som gav eit tilskot på kr. 100.000.- til planarbeidet. Grovt sett vart kommunen delt inn i tre soner (grøn, gul og raud). I tillegg til område med verna vassdrag og område verna etter naturvernlova.

*Grøn sone:* område kor kommunen er positiv til vasskraftutbygging.

*Gul sone:* område med vassdrag med ålmenne interesser og ein del interessekonflikhtar. Kommunen tilrår konsesjonssøknad. Kommunen stiller krav til eventuell lokalisering og utbygging.

*Raud sone:* Område med vassdrag med viktige ålmenne interesser. Kommunen tilrår på det sterkaste konsesjonsbehandling og kommunen vil også vere negativ til utbygging og vil signalisere både ovanfor utbyggar og NVE ei svært restriktiv haldning til arealbruksendringar i desse vassdraga.

Ein gjennomgang av søknadene i Rauma kommune viser at dei plasserer seg slik i forhold til dei ulike sonene i vassdragsplanen:

*Grøn sone:* Skorgeelva

*Gul sone:* Morgådalselva, Stokkelva, Smøråa

*Raud sone:* Tverrberget, Loftdalselva, Høgseterelva, Rabbelva

Den kommunale vassdragsplanen vart til gjennom ein omfattande planprosess, med to offentlege høyringsrundar. Til grunn for planen vart det utarbeidd ein temarapport som omtalar dei samla miljøverdiane i vassdraga «Miljøfaglig utredning AS, rapport 2005:23 «Miljøverdier i nedbørsfelt uten vern».

Ved vurdering av søknadane i Rauma kommune vil Fylkesmannen rå til at vassdragsplanen blir lagt til grunn.

### **3. Fylkesmannens vurdering av dei 11 søknadene**

Fylkesmannen fekk førehandsvarsel om utbyggingsprosjekta hausten 2014.

Representantar frå Fylkesmannen rakk berre å synfare nokre delstrekningar av følgjande prosjektområde før vinteren sette inn: Rabbelva, Loftdalselva, Skorgeelva, Smøråa og Stokkelva. Skorga vart synfart i 2011 under vurdering av konsesjonsplikt. Vi ønskjer i utgangspunktet å kunne synfare alle vassdraga før vi kjem med uttale og ser ikkje bort frå at vi kan kome tilbake med fleire kommentarar seinare.

#### **3.1 Tverrberget kraftverk (Rauma kommune) – Tafjord Kraftproduksjon AS**

##### Omtale av prosjektet

I den opphavlege søknaden låg det inne to kraftverk i dette området. I løpet av prosessen er Saufonn kraftverk tatt ut og Tverrberget kraftverk endra ved at inntaket er lagt lenger ned enn først omsøkt og stasjonsplasseringa er justert. Søknaden ser no slik ut:

Tverrberget kraftverk vil utnytte fallet i Glutra frå kote 675 (alt. 650) til kote 230. I tillegg skal ein bekk i nord overførast via ein kanal på ca. 80Vassvegen blir på 1100 m bora sjakt og 380 m nedgravde turbinrøyr. Til kraftstasjonen vil deler av eksisterande turveg nyttast i tillegg til 120 m ny veg. Minstevassføring vil vere 200 l/s i perioden 01.06 til 31.08 og null resten av året. Kraftverket vil ha installert effekt på 5,5 MW og produsere ca. 13,7 GWh/år.





Justert søknad.

Foto frå søknaden: parti frå Tverrbergelva.



Foto Lars Kringstad

Del av utbyggingsstrekninga. Fylkesblomsten Bergfrue i forgrunnen.

### Fylkesmannens vurdering

#### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

Det er registrert tre lokalitetar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet i utbyggingsområdet. Dette er naturtypedata som nå er importerte til Naturbase. Det er positivt at synfaringruta er kartfesta.

Det er gjort ei relevant vurdering av potensialet for raudlisteartar. Lav- og mosefloraen er ut frå den fattige berggrunnen ganske vanleg utan spesielt kravfulle eller utprega oseaniske artar.

Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at nokre raudlista trolskjeggartar (Bryoria) likevel kan finnast på opne blokkar eller berg, men desse er ikkje spesielt fuktkevande. Det vart ikkje påvist spesielle fuktkevande miljø med sjeldne eller kravfulle artar. Vi hadde likevel sett det som ønskeleg at det vart lagt noko meir vekt på lav og mosar knytt til vassføringa i dei delar av vassdraget som det er mogleg å undersøke.

Den planlagde utbygginga vil ikkje kome i direkte konflikt med dei tre registrerte naturområda, men denne indre delen av Erstaddalen med to særprega vassdrag og urørt natur har likevel verdiar som det bør takast omsyn til ved behandlinga av utbyggingssøknaden. Redusert vassføring i elva vil redusere verdien av bekkeløfta som naturtype. Lokaliteten har ikkje fått meir enn verdien C (lokalt viktig) grunn av at han er dårlig utvikla som bekkeløft, ikkje spesielt djup, manglar skikkelige fosserøksamfunn og er nokså lysopen og utan noko klart potensial for funn av raudlistearter i høgare kategori. Vi kan elles ikkje sjå at det er andre relevante konfliktar for dette fagfeltet.

Grensa til Sandgrovbotn-Mardalsbotn biotopvernområde, som er delområde av Dovrefjell nasjonalpark, går like nedanfor utløpet av Glutervatnet. I forslag til Regional plan for Dovrefjell er det avsett nasjonal villreinområde (NVO). Denne avgrensinga følgjer meir topografien og fell ikkje heilt saman med vernegrensa. Etter det vi kan sjå vil inntaket på kote 675 likevel kome utanfor den føreslåtte NVO. Vi kan derfor vanskeleg sjå at tiltaket vil kome i konflikt med villreininteressene.

#### *Fisk og ferskvassøkologi*

Behandling av Glutra mot lakseparasitten i 2013 og 2014 vart starta godt ovanfor området kor kraftstasjonen no er planlagt. Dette reflekterer at stasjonsområdet ligg på lakseførande strekning, noko som også er skildra i fiskeundersøkinga som følgjer søknaden. Rett nok viser granskinga usikkerheit om nøyaktig stopp lakseførande strekning og verdien av dei øvste strekningane. Fylkesmannen sit heller ikkje inne om absolutt kunnskap om desse strekningane. Med det fokus og engasjement forvaltninga no legg i å bygge opp att bestandane etter mange år med lakseparasitt, er det viktig å ta omsyn til dette arbeidet. Forvaltninga har no som prioritert oppgåve å bygge opp desse bestandane, ikkje minst sett i lys av at det er investert store midlar gjennom mange år for å fjerne parasitten.

Etter at lakseparasitten høgst sannsynleg no er fjerna vil det vere klart uheldig dersom dei fysiske tilhøva for anadrom fisk blir redusert på denne øvste strekninga.

#### *Landskap/friluftsliv*

Det går merka og tilrettelagte turstigar på begge sider av Tverrberget; opp Gluterholet og opp Saufonnoholet. Hen fjellstyre har fleire hytter i området som er open for ålmenta. Området har store opplevingskvalitetar og er i sommarhalvåret innfallspurt til større samanhengande fjell-/friluftsområde. Etter det vi kjenner til er om lag tre fjerdedelar av vassføringa i øvre del av Glutra/Gluterfossen tidlegare overført til Grytten kraftverk. Inntrykkstyrken er derfor vesentleg mindre enn før Grytten-utbygginga. Sjølv om ein no foreslår å legge inntaket nedanfor Gluterfossen, vil ytterlegare redusert vassføring på utbyggingstrekinga vere klart uheldig for landskapsopplevinga. I tillegg vil røyrgate og massedeponi kome inn som nye framandelement i dette området.

### Kommunal vassdragsplan

Kommunal vassdragsplan frå 2006 har en temarapport som omtalar dei samla miljøverdiene i vassdraga «Miljøfaglig utredning AS, rapport 2005:23 «Miljøverdier i nedbørsfelt uten vern». Glutra øvre del får *svært stor verdi* og vassdraget er plassert i raud sone.


### Konklusjon

Fylkesmannen fremjer motsegn søknad om utbygging av Tverrelva kraftverk. Tverrelva (Øvre del av Glutra med Gluterfossen) er frå før fråført tre fjerdedelar av vassføringa til Grytten kraftverk. Omsøkt utbygging vil redusere vassføringa i øvre del ytterlegare. Dette vil vere å gå motsatt veg i forhold til målet i vassforskrifta om å heve den økologiske tilstanden i vassdraget. I tillegg vil usikkerheit om anadrom strekning, nye inngrep som reduserer opplevingsverdien av dette særprega landskapsområdet vere klart negativt. Vassdraget ligg i raud sone (nei-sone) i den kommunale vassdragsplanen. Rauma kommune går imot ein kvar form for utbygging i vassdraget. Fylkesmannen kan slutte seg til dette.


## 3.2 Morgådalselva kraftverk (Rauma kommune) – NK Småkraft AS

### Omtale av prosjektet

Morgådalselva er lokalisert på sørsida av Grøvdalen. Morgådalselva kraftverk vil utnytte fallet i elva mellom kote 445 og kote 75. Inntaket er lagt rett utanfor grensa til Sandgrovbottn-Mardalsbotn biotopvernområde, som er delområde av Dovrefjell nasjonalpark. Vassvegen blir på 1700 m som nedgrave røyr. Det er føresett vegtilkomst til inntaket langs røyrtrasèen og ny veg til kraftstasjonen blir på 500 m. Minstevassføring vil vere tilsvarende 5-persentil sommar og vinter, henholdsvis 160 l/s og 30 l/s. Kraftverket vil ha installert effekt på 3,6 MW og produsere ca. 9,2 GWh/år.




Influensområdet



Morgådalselva, øvre del av utbyggingsområdet. Foto frå søknaden.





Morgådalselva sett frå Grøvdalen. Foto frå søknaden.

### Fylkesmannens vurdering

#### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

Etter vår gjennomgang av miljørapporten har vi inntrykk av at kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane på grunn av veg og røyrløing frå inntaket og nedover dalen er tilfredsstillande. Begge sider av elva vart undersøkt og det er opplyst at det ikkje er registrert raudlista plantar innan influensområdet for flora.

Vi har ikkje synfart området, men etter rapporten er Morgådalselva relativt stri på prosjektstrekninga med nokre små fossefall. Ingen av fossefalla hadde utprega fossesprøytoner. Det er informert om at terrenget ned mot elva nokre stadar er sers bratt og at det var vanskeleg å kome ned til elva. Elva har grove seg ned i ein markert, og relativt open dal på det meste av prosjektstrekninga, men naturtypen bekkekløft vart ikkje registrert. Etter kartet som viser synfaringsruta er sjølve vassstrengen lite undersøkt. Det er opplyst at kryptogamfloraen i elvas nærområde er fattig og at det vart ikkje samla inn prøver frå området langs elva, men det er konkludert med at det er lite potensiale for fuktkevjande raudlista lav- og moseartar langs elva på aktuell strekning.

#### *Fisk og ferskvassøkologi*

Om lag 350 m av Morgådalselva er mogleg gyte- og oppvekstområde for anadrom fisk (sjøaure). I samband med søknaden er det gjennomført fiskegranskingar i elva og ein går ut frå at vandringshinderet er noko nedstraums utløpet frå planlagt kraftstasjon. Vi har ikkje vesentlege merknader til miljørapporten på dette tema. Vi merker oss at installasjon av omløpsventil er føreslått som nødvendig for at tiltaket ikkje skal ha nemneverdig negativ påverknad for fisk. Omløpsventil må derfor vere eit krav i tillegg til heilårleg minstevassføring.

#### *Landskap/friluftsliv/INON (inngrepsfrie naturområde)*

Morgådalselva er synleg frå dalen på enkelte strekk, men vegetasjon og landskapsutforming gjer at vassdraget ikkje framstår som eit utprega landskapselement. Området er noko nytta til friluftsliv, m.a. som innfallsport til fjelltoppar i nærleiken. Inntaksdam, redusert vassføring, røyrgate og ATV trasè vil redusere opplevingsverdien i eit elles relativt urørt område.

Tiltaket vil påverke INON negativt, med bortfall av INON-område på henholdsvis 2,8 km<sup>2</sup> (sone 1-3 km frå inngrep) og 0,29 km<sup>2</sup> (sone 3-5 km frå inngrep). Isolert sett kan



dette kanskje synest lite, men summen av alle mindre tiltak har vist at inngrepsfrie områder i Norge er blitt sterkt redusert.

### *Konklusjon*

Utbygginga vil føre til mindre vassføring i elva, landskapsinngrep som røyrgate og tilkomstveg og inntaksdam, samt reduksjon av inngrepsfri natur. Under tvil (pga. manglande synfaring) finn vi likevel at konsekvensane av tiltaket isolert sett ikkje er slik at vi finn grunnlag for å gå imot prosjektet slik det er omsøkt. Vi tar likevel atterhald om tilleggsmerknader etter synfaring.

### **3.3 Loftdalselva kraftverk – NK Småkraft AS**

#### Omtale av prosjektet

Loftdalselva kraftverk vil utnytte fallet i elva mellom kote 415 og kote 195. Inntaket er lagt rett utanfor grensa til Sandgrovbotn-Mardalsbotn biotopvernområde, som er delområde av Dovrefjell nasjonalpark. Vassvegen blir på 1300 m som nedgrave røyr. Det er føresett vegtilkomst til inntaket langs røyrtraséen og ny veg til kraftstasjonen blir på 1500 m. Minstevassføring vil vere henholdsvis 420 l/s sommar og 70 l/s vinter, tilsvarende 5-persentilen. Kraftverket vil ha installert effekt på 5,5 MW og produsere ca. 14,0 GWh/år.

#### Fylkesmannens vurdering

##### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

Det er lagt fram ein rapport frå 2012 om verknader på biologisk mangfald.

Kunnskapsgrunnlaget i saka vil vi vurdere som noko varierende. Etter vår meining er det vel sterkt å hevde at gjennom miljøundersøkingane har det kome fram god informasjon om biologiske verdiar i området.

Etter rapporten vil utbygging av Loftdalselva kraftverk først og fremst ramme ei tidlegare registrert naturbeitemark med verdi B og ei ny registrert bekkekløft med verdi C. Det er delvis fossesprut i kløfta og ho er vurdert som eit potensielt leveområde for kryptogamar som krev mykje fukt. Redusert vassføring vil verke negativt inn på desse. Vi ser det som positivt at det vart samla inn mose og lav i områda med fossesprut og at synfaringruta er vist på eit kart. Det vart ikkje gjort funn av raudlista artar i kløfta, men det kan vere eit lite potensiale for førekomst av sjeldne og trua lav og mosar i bekkekløfta og fossepartiet. For kløft- og fossesprøytområdet er det redusert vassføring som vil gi klare negative konsekvensar, men det er også viktig å vere merksam på dei store terrenginngrepa på grunn av både veg og røyrleiingstraseen. Etter den tekniske rapporten vil breidda på traseen for vassvegen vere 5–20 m. Etter miljørapporten må det ved nedgraving av røyr gjennom skog hoggast i ei breidde på ca. 20-25 m og ved sidebratt terreng enda breiare. Med både veg og røyr i to ulike trasear, vil såleis inngrepa i skogsområdet bli omfattande.

Terrenget ned frå inntaket er bratt. Rogn og bjørk er dominerande, men det er også innslag av mellom anna alm og hassel. Etter vår vurdering vil ein stort sett eigen trase for røyr og ein for den permanente vegen føre til at vesentleg delar av skogen i den bratte lia vil bli fjerna. Dette er det lagt for lite vekt på i miljørapporten. Når det under konsulentens synfaring vart registrert både alm og hassel i lia, burde konsekvensen ha vore omtala. Ei naturleg vurdering vil mellom anna vere om ein del av skogslia burde ha vore avgrensa som til dømes naturtypen gammal fattig edellauvskog. Vi vil også merke at når funn av alm ikkje er gjort tilgjengeleg på Artskart, burde funnområdet ha vore omtala som ein del av artsmangfaldet i ein kartfesta naturtype. Etter Artskart er det gjort nyare funn av alm i

utbyggingsområdet. I den samanheng vil vi merke at alm kom på raudlista i 2010, men arten er ikkje med i tabell 3 som presenter raudlista artar i utbyggingsområdet.

Ved første gangs kartlegging av naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet i Rauma kommune i 2001, vart det registrert ei naturbeitemark med verdi B i den nedre delen av utbyggingsområdet. I søknaden (miljørapporten) er det opplyst at naturtypen vil bli rørt av både tilkomstveg/ATV-trasé, kraftstasjon og røyrtrasé. Ein veg til kraftstasjonen vil for det meste gå opp på eksisterande elveforbygging, men kraftstasjonen og permanent veg vil beslaglegge vesentlege areal i naturbeitemarka. Vi er usikker på i kva grad denne lokaliteten er vurdert på nytt i konsekvensvurderinga. Ein lokalitet som er avhengig av skjøtsel kan i løpet av kort tid endre seg avhengig av skjøtselen. Ved god skjøtsel kan verdien auke og ved dårleg skjøtsel kan verdien bli redusert i løpet av kort tid.

#### *Oppsummering biologisk mangfald-terrestrisk*

Ei utbygging av vassdraget inkludert røyrleiingstrase og planlagd veg inneber vesentlege inngrep i eit skogs- og vassdragsområde med viktige biologiske verdiar. Inngrepa er av ein slik karakter at vi finn å reise motsegn i denne saka.

Vegen og røyrleiinga vil få negative konsekvensar for ein tidlegare registrert naturbeitemark og redusert vassføring vil gi negative konsekvensar for kløft- og fossesprøytområdet like ovanfor brua. Fossesprøyta i delar av kløfta gjer at lokaliteten er vurdert som eit potensielt leveområde for kryptogamar som krev mykje fukt. Karplanten og fylkesblomsten bergfrue i kløfta er ein viktig karakterart for dette fuktige miljøet.

Terrenginngrepa i lia blir store og med eit vesentleg konfliktpotensiale med artar i edellaauvskogen. Førebels er raudlistearten alm den einaste som er registrert, men erfaring viser at til slike skogsmiljø er potensialet for andre raudlisteartar stort. I nabokommunen Nesset vart det til dømes i 2011 i ei grundig biologisk undersøking påvist 13 raudlisteartar på gamle almetre (ARKO-prosjekt i regi av NINA).

#### *Fisk og ferskvassøkologi*

Utbyggingsområdet ligg om lag 4 km oppstraums anadrom strekning. Vi reknar likevel med at det finst lokal bekkeare. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Det er lagt opp til heilårleg minstevassføring, men vi registrerer at vassføringa vil bli redusert til minstevassføring 72 % av tida.

#### *Landskap/friluftsliv/INON (inngrepsfrie naturområde)*

Loftdalselva er lite synleg frå hovuddalen, men er eit viktig landskapselement innover i Sordalen og særleg opp Loftdalen, der elva går i gjel og mindre fossar og stryk.

Som det går fram av søknaden går det fleire turstiar i området og Grøvdalen er utgangspunkt for toppturar og innfallspurt til større friluftsområde av regional/nasjonal verdi. I desse høgfjellsområda er det også fleire opne hytter.



Foto Lars Kringstad  
Det går merke kløv-/tursti opp langs vassdraget.



Foto Lars Kringstad  
Frå synfaring 29.10.2014.

Kløvstien opp dalen skal erstattast med veg/ATV-trasè. Røyrgata vil krevje omfattande inngrep i skogsområda med ein trasè som vil vere synleg i mange år. Røyrgata skal heller ikkje gå i same trasè som tilkomstvegen, noko som ytterlegare aukar inngrepa. Særleg uheldig vil dette vere der røyrgate og veg vil krysse elva om lag i det same området som kløvstien. Det går fram av søknaden at når kløvstien vil bli erstatta av den nye tilkomstvegen vil ein del av kulturhistoria i området gå tapt. Saman med inntak og kraftstasjon vil dette gi klare negative landskapsmessige konsekvensar som vil redusere opplevingsverdien av området.



Foto Lars Kringstad  
Tursti kryssar Loftdalselva omlag midtvegs på utbyggingsstrekninga.  
Synfaring 29.10.2014.





Foto Lars Kringstad

I øvre del går elva delvis i juv. Synfaring 29.10.2014.

Tiltaket vil redusere inngrepsfrie naturområde (INON) med henholdsvis 3,8 km<sup>2</sup> i sone 2 (1-3 km frå inngrep), 8,3 km<sup>2</sup> i sone 1 (3-5 km frå inngrep) og 0,07 km<sup>2</sup> (villmarksprega område). Av prosjekta i småkraftpakka er det utbygging av Loftskardselva som klart får størst påverknad på INON. Summen av alle mindre tiltak har vist at inngrepsfrie område i Norge er blitt sterkt redusert. Dette må sjåast i lys av nasjonale og regionale mål for å ta vare på og hindre vidare oppsplitting av slike område. Vi vil også minne om at dette er ein del av dei særskilt prioriterte inngrepsfrie naturområda i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde i Møre og Romsdal. Dette må takst med i vurderinga ved den endelege behandling av søknaden.

#### *Kommunal vassdragsplan*

Kommunal vassdragsplan frå 2006 har ein temarapport som omtalar dei samla miljøverdiane i vassdraga «Miljøfaglig utredning AS, rapport 2005:23 «*Miljøverdier i nedbørsfelt uten vern*». Isa øvre del, som Loftdalselva er del av, får under Samla miljøverdi *svært stor verdi* og vassdraget er plassert i raud sone (nei-sone).

#### *Kommunal behandling*

Rådmannen innstilte på å følgje vassdragsplanen som tilrår at det ikkje blir utbygging i dette vassdraget. Formannskapet tok ikkje dette til følgje og vedtok (6 mot 3 stemmer) at kriteria i gul sone blir lagt til grunn.

#### *Konklusjon*

Fylkesmannen viser til merknadene over. Ut frå ei samla vurdering fremjer vi motsegn til utbygging av Loftdalselva. Dette fordi tiltaket inneber vesentlege inngrep i eit skogs- og vassdragsområde med viktige biologiske verdiar. Vegen og røyrleiinga vil få negative konsekvensar for ein tidlegare registreret naturbeitemark og redusert vassføring vil gi negative konsekvensar for kløft- og fossesprøytområdet like ovanfor brua. Vidare vil røyrgate og tilkomstveg, saman med inntak og kraftstasjon gi klare negative landskapsmessige konsekvensar som vil redusere opplevingsverdien av området. Tiltaket vil også redusere viktige inngrepsfrie naturområde som er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfri natur. Vassdraget ligg også i raud sone (nei-sone) i den kommunale vassdragsplanen.

### 3.4 Kraftverk i Høgseterelva og Rabbelva (Rauma kommune) – NK Småkraft AS

#### Omtale av prosjektet


Høgseterelva og Rabbelva er lokalisert inst i Grøvdalen. Høgseterelva drenerer frå nord og Rabbelva frå aust. Det er søkt om to alternativ. Alternativ A (primært): Felles kraftstasjon med kvart sitt aggregat. Alternativ B (sekundært): To separate kraftstasjonar.

Alt. A: Inntak på kote 555 i Høgseterelva og kote 415 i Rabbelva. Felles kraftstasjon på kote 135. Vassvegen blir nedgrave røyr; 1800 m på austsida av Høgseterelva og 1850 m på sørsida av Rabbelva i øvste del og seinare på nordsida til kraftstasjon ved Høgseterelva. Det blir bygt totalt 4000 m permanent ny veg til inntaka. Terrenget er bratt og vegen må delvis leggst i slynger (det siste gjeld Høgseterelva).

Aggregat Høgseterelva får installert effekt på 2,8 MW med årleg produksjon på 7,1 GWh. Aggregat Rabbelva får installert effekt på 4,0 MW med årleg produksjon på 10,0 GWh. Minstevassføring Høgseterelva er sett til 110 l/s sommar og 20 l/s vinter. Tilsvarande for Rabbelva er 240 l/s sommar og 40 l/s vinter. Dette tilsvarar 5-persentil.



Alternativ A



Alternativ B

Alt.B: I hovudsak som alt. A, men med to separate kraftstasjonar. Høgseterelva kraftstasjon på kote 135 og Rabbelva kraftstasjon på kote 140 noko lenger mot søraust. Installasjonane i kraftverka vil ha same effekt som alt. A og omtrent same årsproduksjon.






Foto Lars Kringstad  
Høgseterelva 29.10.14.



Foss i Høgseterelva. Foto frå søknaden.



Foto Lars Kringstad  
Delstrekning av Rabbelva sett frå dalbotnen inst i  
Grøvdalen 02.10.2014.



Rabbelva øvre del, nær inntaksområdet. På  
synfaringsdagen 02.10.2014 var det lite vassføring  
i elva.



### Fylkesmannens vurdering

#### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

#### Høgseterelva

Det er lagt fram ein rapport frå 2012 om verknader på biologisk mangfald.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka vil vi vurdere som noko varierende. Det er positivt at det vart samla inn mose og lav frå ein lokalitet med litt fosseeng. Det vart ikkje registrert raudlisteartar, men det er opplyst at det ikkje var mogleg å kome til alle stadar langs fossane i elva. Berget var stort sett blankskurt, og til tross for ingen funn kan det likevel ikkje ute- lukkast å vere førekomstar av sjeldne og trua lav og mosar i og langs elva. Det vart ikkje registrerte lokalitetar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet i sjølve vassdragsområdet.

Etter den tekniske rapporten vil breidda på trasè for vassvegen vere 5-20 m. Etter miljørapporten vil det ved nedgraving av røyr gjennom skog, etter erfaring, måtte hoggast i ei breidde på ca. 20-25 m og ved sidebratt terreng enda breiare.

#### Rabbelva

Det er lagt fram ein rapport frå 2012 om verknader på biologisk mangfald.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka vil vi vurdere som noko varierende. Jf. våre kommentarar under til avgrensinga av edellauvskogen.

Vi fekk høve til å synfare den øvste delen av vassdraget like før vinteren. Elva har karakter av sterkt utspyling ved flaum og det var lite å sjå av kryptogamar i sjølve vassstrengen. Etter miljørapporten vart det ikkje registrert utprega fossesprutområde, og mose og lav vart derfor ikkje samla inn. Det er likevel opplyst at det generelt kan vere noko potensiale for raudlista kryptogamar langs elva.

Etter den tekniske rapporten vil breidda på trasè for vassvegen vere 5-20 m. Etter miljørapporten vil det ved nedgraving av røyr gjennom skog, etter erfaring, måtte hoggast i ei breidde på ca. 20-25 m og ved sidebratt terreng enda breiare. Ved eventuell utbygging etter spesielt alternativ A, vil omfanget av inngrep i den registrerte edellauvskogen med både veg og røyr i to ulike trasear, såleis bli omfattande.

#### Høgseterelva og Rabbelva - felles vurdering av området mellom vassdraga

Av miljørapporten kjem det fram at mellom Høgseterelva og Rabbelva er det registret ein lokalitet med gammal fattig edellauvskog med daud ved både på ståande rot og liggande. Det er informert om edellauvskogartar som store gamle almetre, store hasselkratt og at edellauvskogen er sers viktig. Dette fordi han har eit stort biologisk mangfald og er ein aktuell levestad for mange sjeldne og trua artar. Vi er samde i at dette er ein viktig naturtype og som det ikkje er så mykje att av. Alm er på raudlista på grunn av mellom anna almesjuka. I dag er Vestlandet ein av de få stadane i Europa med gammal skog med frisk alm.

Det er to kart i rapporten som viser ulik avgrensing av dette biologisk viktige edellauvskogsområdet. Etter kartet i figur 18 vil ikkje utbygging av Høgsterelva kome i konflikt med naturtypen, men kartet i figur 11 viser at veg og røyrleing går gjennom naturtypen. Vi vil vidare gjere merksam på at etter Artskart er det no nye raudlistedata for utbyggingsområdet ved Høgseterelva.

I Rabbelva observerte vi alm og hasselskog opp mot kote 300. Dette er høgare opp enn det som er vist som avgrensing av naturtypen i rapporten. Det må såleis reisast spørsmål til avgrensinga av naturtypen langs dette vassdraget. Ved utbygging etter alternativ A, vil konflikten med edellauvskogen truleg bli større enn det som kjem fram av miljørapporten. Ved utbygging etter alternativ B, vil konflikten bli mindre enn ved alternativ A, sjølv om det ikkje er avklart kor langt ned mot elva den øvste delen av edellauvskogen går.

### *Oppsummering biologisk mangfald-terrestrisk*

#### Høgseterelva

Vi kan ikkje sjå at redusert vassføring i elva vil føre til spesielle naturfaglege konflikhtar, men både røyrløiingstrase og planlagd veg inneber vesentlege inngrep i eit skogsområde som er spesielt viktig for det biologiske mangfaldet. Inngrepa er av ein slik karakter at vi finn å måtte reise motsegn. Det gjeld inngrep i eit edellauvskogsområde der mellom anna raudlistearten alm så langt er registreret. Både gammal alm og gamle skogsområde, med mellom anna daud ved, er til vanleg viktige leveområde for mange raudlisteartar.

#### Rabbelva

Vi kan ikkje sjå at redusert vassføring i elva vil føre til spesielle naturfaglege konflikhtar, men både røyrløiingstrase og planlagd veg etter alternativ A inneber vesentlege inngrep i eit skogsområde som er spesielt viktig for det biologiske mangfaldet. Inngrepa er av ein slik karakter at vi finn å måtte reise motsegn til alternativ A. Det gjeld inngrep i eit edellauvskogsområde der raudlistearten alm så langt er registreret. Både gammal alm og gamle skogsområde, med mellom anna daud ved, er til vanleg viktige leveområde for mange raudlisteartar. Ved utbygging etter alternativ B, vil det også bli tap av areal i dette biologisk viktige edellauvskogsområdet. Men tapt areal blir mindre og det ligg i randsona av lokaliteten. Vi vil av den grunn ikkje å reise motsegn til dette alternativet, men vi må likevel rå frå alternativ B.

#### *Fisk og ferskvassøkologi*

Utbyggingsområdet (planlagt kraftstasjon) ligg om lag 1,5 km oppstraums anadrom strekning. Vi reknar likevel med at det finst lokal bekkeare. Vi er ikkje kjent med førekomstar av ål eller elvemusling på utbyggingsstrekninga. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk og vi registrerer at det er lagt opp til heilårleg minstevassføring.

#### *Landskap/friluftsliv/INON (inngrepsfrie naturområde)*

Begge vassdraga er lokalisert inst i Grøvdalen. Dette området er utgangspunkt for toppturar og innfallsport til større friluftsområde av regional/nasjonalt verdi. I desse høgfjellsområda er det også fleire opne hytter. Som bruksområde for friluftsliv har søknaden vurdert influensområdet til Høgseterelva til *liten verdi* og Rabbelva *liten til middels verdi*. Vi synest særleg verdien for Rabbelva er underkommunisert. Her går turstier som nyttast til toppturar og som innfallsport til rutenettet til turistforeininga, som har fleire hytter i området. Røyrgate og tilkomstveg vil bli godt synleg frå stien.



Foto Lars Kringstad

Det går merke sti opp langs Rabbelva til turistforeiningas to hytter i området.

Høgseterelva er eit viktig landskapselement med godt synlege stryk og fossar. Høgspentlina som kryssar vassdraget reduserer opplevingsverdien noko, men elva framstår likevel med stor inntryksstyrke. Permanent veg vil bli lagt i fleire svingar opp den bratte lia. Røyrkata skal ikkje gå i same trasè som tilkomstvegen, noko som ytterlegare aukar inngrepa. Saman med sterkt redusert vassføring i vassdraget vil dette vere klart landskapsmessig uheldig.

Begge prosjekta vil føre til bortfall av inngrepsfrie naturområde (INON). For Høgseterelva gjeld dette 0,7 km<sup>2</sup> (sone 2; 1-3 km frå inngrep) og 0,69 km<sup>2</sup> (sone 1; 3-5 km frå inngrep). Tilsvarande for Rabbelva vil bli 1,61 km<sup>2</sup> (sone 2) og 1,74 km<sup>2</sup> (sone 1). Dette vil gripe inn i to område som er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Isolert sett kan kanskje reduksjonen av INON synest lite, men summen av alle mindre tiltak har vist at inngrepsfrie område i Norge er blitt sterkt redusert. Det må takast omsyn til dette ved vurdering av søknaden.

#### *Kommunal vassdragsplan*

Kommunal vassdragsplan frå 2006 har ein temarapport som omtalar dei samla miljøverdiane i vassdraga «Miljøfaglig utredning AS, rapport 2005:23 «Miljøverdier i nedbørsfelt uten vern». Isa øvre del, som Høgseterelva og Rabbelva er del av, får under Samla miljøverdi *svært stor verdi* og vassdraget er plassert i raud sone (nei-sone).

#### *Kommunal behandling*

Rådmannen innstilte på å følgje vassdragsplanen som tilrår at det ikkje blir utbygging i desse vassdraga. Formannskapet (sak 16/2015) tok ikkje dette til følgje og vedtok (6 mot 3 stemmer) at kriteria i gul sone blir lagt til grunn.

#### *Konklusjon*

Fylkesmannen har motsegn til utbygging av Høgseterelva og Rabbelva alternativ A. Dette ut frå inngrep i skogsområde som er spesielt viktig for det biologiske mangfaldet. For Høgseterelva vil også dei landskapsmessige verknadene vere vesentlege med redusert vassføring i fossen og tilkomstveg opp den bratte lia. Veg og røyrgate vil vidare ha klart negative landskapsmessige konsekvensar for Rabbelva. Begge prosjekta vil redusere INON i område som er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Ein bør også ta omsyn til at begge vassdraga er vist i raud sone i kommunens vassdragsplan.

Ved utbygging av Rabbelva etter alternativ B blir tapt areal av den viktige edellauvskogslokaliteten mindre. Vi vil av den grunn ikkje å reise motsegn til dette alternativet, men vil likevel rå ifrå alternativ B, særleg med bakgrunn i dei landskapsmessige konsekvensane for dette viktige turområdet.

### **3.5 Skorgeelva kraftverk (Rauma kommune) – Småkraft AS**


#### Omtale av prosjektet

Skorgeelva er lokalisert til Skorgedalen på nordsida av Isfjorden. Skorgeelva kraftverk vil utnytte fallet i Skorgeelva mellom kote 215 og kote 25. Vassvegen blir på 2100 m som nedgrave røyr, og bora sjakt nedanfor elvekryssinga til kraftstasjonen. Eksisterande veg til Skorgedalen vil bli nytta. Frå vegen ned til inntaket trengst det ein 80 m ny tilkomstveg. Ny veg til kraftstasjonen blir på 100 m. Minstevassføring vil vere tilsvarande 5-persentil sommar og vinter, henholdsvis 550 l/s og 160 l/s. Kraftverket vil ha installert effekt på 6,49 MW og produsere ca. 18 GWh/år.





Foto Lars Kringstad  
Parti frå nedre del av Skorgeelva. Synfaring 30.10.2014



Frå øvre del av utbyggingsstrekninga

### Fylkesmannens vurdering

#### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

I vår vurdering av konsekvensane for dei terrestriske naturverdiane legg vi til grunn at røytraseen stort sett vil gå i eller langs eksisterande veg. Ei utbygging vil truleg få små negative konsekvensar og aktuelt kunnskapsgrunnlag kan såleis vurderast som godt. Det er positivt at det vart samla inn mose og lav frå potensielt fuktkevande miljø langs elva, men det er ikkje lagt ved eit kart som viser synfaringsruta eller kva delar av vassdraget som er undersøkt. Det er opplyst at rett ovafor brua til den gamle riksvegen, er det ei kløft som er veldig vanskeleg tilgjengeleg for innsamling av mosar og lav. Staden ber delvis preg av isskuring og hardt vassstrykk. Dette saman med berggrunn og eksposisjon mot sør gjer at kløfta truleg har lite eigna vekstforhold for raudlista kryptogamar. Det er vidare opplyst at kløfta er for lite utprega til å bli karakterisert som den viktige naturtypen bekkekløft. Det er ikkje påvist raudlisteartar i og langs vassdraget som er avhengige av vassføringa i elva. I utbyggingsområdet er det registrert svartelista artar som hagelupin og platanlønn. Desse kan lett spreie seg under og etter eit grave- og anleggsarbeid i dalen.

#### *Fisk og ferskvassøkologi*

Isfjorden er del av den nasjonale laksefjorden Romsdalsfjorden. Sjølv om ikkje Skorgeelva er nasjonalt laksevassdrag er det viktig å ta vare på kvalitetane på den anadrome strekninga i vassdraget. Dette vart det lagt vekt på i den nyleg gjennomførte behandlinga av lakseparasitten. Etter det vi kan sjå vil utløpet frå kraftstasjonen kome i kulpen under fossen. Denne representerer også vandringshinder for anadrom fisk. Utbygginga vil derfor ikkje kome i direkte konflikt med anadrom strekning. Vi vil likevel be om at det blir installert omløpsventil for å hindre bortfall av vatn ved plutslege stopp i kraftverket.

På utbyggingsstrekninga finst det stasjonær aure typisk for denne typen økosystem. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring.

Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av elvemusling i Møre og Romsdal i perioden 2009-2013. Fylkesmannen kjenner ikkje til førekomstar av elvemusling i Skorgeelva.

### *Landskap/friluftsliv/INON (inngrepsfrie naturområde)*

Skorgedalen og fjellområda rundt er eit mykje nytta hytte- og utfartsområde både sommar og vinter. Tilkomsten til området er Skorgedalsvegen på vestsida av elva eller tursti på austsida. Både veg og sti går nær elva på store deler av utbyggingsstrekninga. Røyrgate, inntak og redusert vassføring vil redusere landskapsopplevinga, særleg i byggeperioden og første del av driftsfasen til inngrepa har grodd meir til. Dei viktigaste friluftsområda ligg likevel ovanfor utbyggingsstrekninga og tiltaket vil ikkje ha særleg påverknad her.

Sidan det går veg opp langs utbyggingsstrekninga vil tiltaket ikkje føre til ytterlegare reduksjon i inngrepsfrie naturområde (INON).


### *Konklusjon*

Fylkesmannen viser til kommentarane over. Med dei avbøtande tiltak som er foreslått har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

## **3.6 Stokkelva kraftverk (Rauma kommune) – Blåfall AS**

### Omtale av prosjektet

Stokkelva er lokalisert på vestsida av Innfjorden. Stokkelva kraftverk vil utnytte fallet i Stokkelva mellom kote 520 og kote 5. I tillegg til hovudelva blir to sidebekker overført til inntaket. Røyrgate på 2100 m vil bli graven ned på heile strekninga, med unntak av kryssinga av Stokkelva på røyr i dagen på kote 15. Det skal etablerast ein anleggsveg på 500 m til inntaket frå eksisterande veg til Hovdesetra. Minstevassføring vil vere tilsvarende 5-persentil sommar og vinter, henholdsvis 68 l/s og 22 l/s. Kraftverket vil produsere ca. 6,2 GWh/år.



Influensområdet



Foto frå søknaden: Setdalen med Stokkelva, på vestsida av Innfjorden.

### Fylkesmannens vurdering

#### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

Deler av dalføret vart kartlagt i 2005. Det vart avgrensa ein lokalitet med rik edellauvskog med verdi B og nedst i dalen vart raudlistearten hasselrurlav registrert. I miljørapporten er det vist til dette som ein del av kunnskapsgrunnlaget. Det er likevel sider ved kunnskapsgrunnlaget som burde ha vore noko betre.

Rapporten inneheld ei analyse av vegetasjonstypene. Det er konkludert med at alle er vanlege og heilt ordinære og ingen vert rekna som trua. Det vart ikkje registrert bekkekløfter eller markerte fossar på den aktuelle strekninga som kan danne fossesprøytoner. Basert på

registreringane frå synfaringa er det vidare opplyst at det er lite truleg å finne uvanlege karplanter, lav og moseartar. Samla sett består floraen (inklusiv lav og mosar) av vanlege og vidt utbreidde artar. Floraen har derfor fått liten verdi.

Vi hadde sett det som ønskeleg at det vart lagt større vekt på eventuelle naturtypar som er spesielt viktig for det biologiske mangfaldet uavhengig av raudlista for naturtypar. Etter rapportmalen frå 2009 skal det også fokuserast på naturtypar etter DN-handbok 13 som er avhengige av vassdraget eller typar som kan bli negativt rørt av andre deler av tiltaket, som røyrgate, veg og kraftstasjon. Dersom det ikkje vert registrert verdfulle naturtypar etter kartleggingshandboka i influensområdet, skal dette grunnjevast.

Konsulentfirmaet meiner at avgrensinga i Naturbase av naturtypen rik edellauvskog er satt noko for langt opp. Det er også kommentert at dei planlagde vegane og røyrkata til kraftstasjonsområdet vil vere negativt for vegetasjonen i området, og at ikkje kartlagde førekomstar av hasselrurlav kan bli påverka. Det er opplyst at den eine førekomsten av hasselrurlav gjer det sannsynlig at arten kan vere nær tiltaksområda, og ein bør unngå å fjerne eldre hassel ved etablering av vassveg og veg.

Fylkesmannen meiner at det burde vere konsulenten si oppgåve å justere avgrensinga av naturtypen rik edellauvskog slik som dei meiner er fagleg rett og det burde også vere ei oppgåve for firmaet og avgrense eventuelt ikkje kartlagde eldre hasselområde som til dømes naturtypen gammal edellauvskog med utforminga hasselkratt. Vi hadde også sett det som naturleg at konsulenten eventuelt kartla omfanget av den aktuelle raudlistearten der det kan vere konflikt med veg/vassveg. Som det går fram av rapporten har firmaet spesialist på lav.

#### *Fisk og ferskvassøkologi*

Etter det vi kjenner til er anadrom strekning (sjøaure) på ca. 100 m, kanskje noko mindre, og det er usikkert om strekningen er eit særskilt eigna gyte- og oppvekstområde for anadrom fisk. Kraftstasjonen er planlagt tett inntil E16 på nedsida av vegen. Altså på anadrom strekning. Utløpsvatnet vil gå i ein kort plastra kanal ned mot sjøen. Det er noko usikkert om vatnet vil gå tilbake til elva før det når sjøen. Sjølv om det er usikkert i kva grad det er gyte- og oppvekstforhold for anadrom fisk i nedre deler av vassdraget, vil vi rå til at kraftverket blir lagt oppstraums anadrom strekning og at utløpsvatnet går tilbake i vassdraget.

Vidare oppstraums finn ein stasjonær aure av småfallen storleik typisk for denne typen elveøkosystem. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning.

Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Vi er positive til at det er sett av heilårleg minstevassføring.

#### *Landskap og friluftsliv*

Influensområdet ber preg av eksisterande inngrep som skogsvegar, plantefelt, grustak, og høgspenteleidningar. Stokkelva ligg nedskore i landskapet og er lite synleg som landskapselement. Berre nedre del kan sjåast frå riksvegen.





Foto Lars Kringstad  
Eksisterande veg blir opprusta og nytta som tilkomstveg. Frå synfaring 12.11.2014.



Foto Lars Kringstad  
Frå Hovdesetra. Inntaket blir liggande i lia om lag 250 m sør for setra.

Vi registrerer at det i søknaden blir opplyst at influensområdet er nytta til tur-, skigåing og jakt. Etter det vi forstår er bruken av området meir av lokal karakter. Det finst ein del hytter i området, særleg knytt til Hovdesetra og Setsetra.

#### *Konklusjon*

Vi viser til merknadene over. Ut frå ei samla vurdering finn vi at konsekvensane av tiltaket ikkje er av ein slik grad at vi vil gå imot prosjektet. Vi rår likevel til at kraftverket blir flytta oppstrøms anadrom strekning.

### **3.7 Smøråa kraftverk (Rauma kommune) – Blåfall AS**


#### Omtale av prosjektet

Smøråa er lokalisert på sørsida av Innfjorden. Elva har samløp med Innfjordselva. Smøråa kraftverk vil utnytte fallet i Smøråa mellom kote 395 og kote 20. Røyrgate på 1480 m vil bli graven ned på heile strekninga. Det etablerast ein enkel veg til inntaket. Ny veg blir på 700 m. Resterande 800 m blir opprusting av eksisterande skogsveggar. Minstevassføring vil vere 35 l/s heile året, tilsvarande ålmenn lågvassføring. Kraftverket vil produsere ca. 6,6 GWh/år.



Foto frå søknaden  
Smøråa sett frå bygda Innfjorden.

Foto Lars Kringstad  
Øvre del av strekninga med inntaksområde.  
Synfaring 12.11.2014.



Influensområdet

### Fylkesmannens vurdering

#### *Biologisk mangfold-terrestrisk*

Det er ikkje noko i rapporten som indikerer at ei utbygging vil kome i konflikt med spesielle terrestriske verneverdiar, men vi er usikker på kva arbeid konsulentfirmaet har lagt ned i fagfeltet og såleis kunnskapsgrunnlaget i saka.

Etter konsulentrapporten får vi inntrykk av at det er lagt til grunn at biologisk mangfold i Rauma kommune skal vere relativt godt kartlagt. Det er mellom anna vist til den kommunale kartleggingsrapporten om biologisk mangfold, som kom ut i 2004, og som så langt er den einaste som i prinsippet omfattar heile kommunen. Vi vil merke at i den rapporten står det mellom anna om kunnskapsstatus og behov for vidare undersøkingar: «Kartlegging av biologisk mangfold er meget krevende, og det sier seg selv at et prosjekt som dette vil fare med harelabb og grov pensel over kommunen.»

I innleiinga til miljørapporten får vi inntrykk av at området mellom anna har vore kartlagt av ein spesialist på kryptogamar. Med ein slik fagleg bakgrunn hadde vi venta ei noko meir omfattande artsliste enn ei med to lavartar. For å vere sikker på at undersøkinga var tilstrekkeleg grundig, hadde vi også sett det som ønskeleg at det var lagt ved eit kart som viste synfaringruta.

Rapporten inneheld ein del om vegetasjonen i området og det vert konkludert med at området er utan registrerte naturtypar eller trua vegetasjonstypar. Vi vil likevel merke at vi saknar ei nærare fagleg grunngjeving for dette. Ein av naturtypane som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet, og som ein ofte finn i slike område, er naturtypen gamal lauvskog.

Vi hadde sett det som ønskeleg at det vart lagt større vekt på naturtypar som eventuelt er spesielt viktig for det biologiske mangfaldet uavhengig av raudlista for naturtypar. Etter rapportmalen frå 2009 skal det også fokuserast på naturtypar etter DN-handbok 13 som er avhengige av vassdraget eller typar som kan bli negativt rørt av andre delar av tiltaket, som røyrgate, veg og kraftstasjon. Dersom det ikkje vert registrert verdfulle naturtypar etter kartleggingshandboka i influensområdet, skal dette grunngjevast.



Det er positivt at om lag halvparten av den eksisterande skogsvegen kan brukast, slik at ny veg blir avgrensa til ca. 0,7 km.

Etter rapporten vil eit belte langs røytraseen på inntil 30 meter bli direkte rørt av grave- og sprengingsaktivitet i anleggsperioden. Vi ser ei fare i at dersom røyrløinga kjem inn i det sidebratte terrenget ned mot elva, kan det lett bli erosjon slik at det vert problem med etablering av ny naturleg vegetasjonen.

#### *Fisk og ferskvassøkologi*

Nedre del av Smøråa er oppvekstområde for sjøaure frå Innfjordelva. Anadrom strekning er opp til utløpet frå kraftstasjonen. Vassdraget vart behandla mot lakseparasitten i 2013 og 2014. Etter at lakseparasitten høgst sannsynleg no er fjerna vil det vere svært viktig ikkje å redusere de fysiske tilhøva i vassdraget på anadrom strekning. Eit eventuelt kraftverk må derfor planleggast med omløpsventil slik at ein unngår bortfall av vatn i periodar med stans i kraftverket.

#### *Landskap og friluftsliv*

I søknaden kjem det fram at brukarinteressene i området i hovudsak av lokal verdi (særleg jakt). På synfaringa 12.11.14 registrerte vi at det er ein godt merka tursti opp dalen. Vi reknar derfor med at området er ein del brukt.



Foto Lars Kringstad



Det går 800 m skogsveg opp på vestsida av vassdraget i dag. Denne skal utbetrast. Frå denne blir det bygt ny traktorveg på 700 m fram til inntaket. Ny veg og røyrgate vil ha negative landskapsmessige verknader, særleg dei første åra før røyrgata gror til.

På øvre del av utbyggingsstrekninga går vassdraget i tydeleg stryk/foss sett frå bygda. Med det planlagte inntaket, samt ein betongkanal som skjer av dei andre bekkeløpa, vil denne fossen få sterkt redusert vassføring og landskapsbildet blir klart endra. Landskapsmessig vil ei løysing med inntak nedanfor fossen, der bekkane i Smørå blir samla på kote 250, vere ei betre løysing. Vi registrerer at dette er vurdert, men forkasta fordi mykje av vassføringa går i grunnen under elveleiet. I tillegg vil røytraseen få mykje sidehelling og større inngrep. Under vår synfaring rakk vi ikkje å gå ned i dette området.

#### *INON (inngrepsfrie naturområde)*

Det er oppgitt at tiltaket vil føre til bortfall av INON sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) på 0,5 km<sup>2</sup> og ingen endring i sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep). Målt på kartet synest endringa å vere noko større: ca. 0,7 km<sup>2</sup> i sone 2 og 0,5 km<sup>2</sup> i sone 1 (med atterhald om evt. målefeil). Vassdraget går inn i eit stort inngrepsfritt område, vurdert som svært viktig på grunn av sin storleik. Dette området er også særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Isolert sett kan reduksjonen av INON synest

lite, men summen av alle mindre tiltak har vist at inngrepsfrie områder i Norge er blitt sterkt redusert. Det må takast omsyn til dette ved vurdering av søknaden.

### *Konklusjon*

Vi viser til merknadene over. Reduserte vassføring i øvre del av vassdraget (fossen), samt inntak og ein betongkanal som skjer av dei andre bekkeløpa, er klart mest uheldig i dette prosjektet. Fylkesmannen vil rå til at ein søker å finne løysingar med inntak lenger ned som kan redusere dei landskapsmessige konsekvensane.

### **3.8 Strandelva kraftverk (Neset kommune) – Clemens Elvekraft AS**

#### Omtale av prosjektet

Strandelva er lokalisert på austsida av Eresfjorden. Strandelva kraftverk skal ha inntak på kote 688 og kraftstasjon på kote 10. Røyrkata vil gå i tunnell med lengde 1235 m. Dei siste 185 m ned til kraftstasjonen i grøft. Med denne løysinga unngår ein større inngrep på snaufjellet. Frå Rv 660 blir det 20 m lang veg til stasjonen. Ein 30 m lang steinsett kanal fører vatnet frå stasjonen tilbake til elva. Planlagt minstevassføring er 86 l/s om sommaren og 17 l/s om vinteren. Installert effekt er 5,0 MW med ein årsproduksjon på 13,3 GWh.



Influensområdet



Foto frå søknaden

Strandelva til venstre. Driva til høgre. Sett frå Nauste.

#### Fylkesmannens vurdering

##### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

Kunnskapsgrunnlaget for området vurderer vi som stort sett godt. Strandelva var ein av dei få aktuelle kandidatane i fylket som kom med i det nasjonale bekk- og elvekløftprosjektet som starta opp i 2007 og der resultatet vart sendt til grunneigarar, kommunar, NVE og andre i 2009. Bakgrunnen for prosjektet var at vassdragskløfter og fossesprøytsoner er ein av våre mest varierte og dramatiske naturtypar og som Noreg har eit internasjonalt ansvar å ta vare på. Store naturvariasjonar i slike område gir til vanleg eit høgt artsmangfald. I dei bratte sidene i kløftene kan vi finne eit mangfald av element og artar som ikkje er vanlege i landskapet rundt. Fossesprøytsoner er ein meir sjeldan



naturtype i fylket enn kløftene. Fossane må ha eit så stort fall og ei så høg vassføring at det blir danna ei sone med stabil fossesprøyt omkring nedre del av fossen.

Miljørapporten legg i vesentleg grad til grunn kunnskapen som kom fram i det nasjonale prosjektet og vi kan ikkje sjå at det er noko fagleg usemje i vurderingane. Men som det går fram av kartet i miljørapporten der synfaringsruta er teikna inn, var størstedelen av vassdraget utilgjengeleg for undersøkingar. Sjølv om denne strekninga, inkludert mykje av bekkekløfta er meir eller mindre utilgjengeleg og at det elles stort sett er nakne sva og loddrette stup, kan ein med bakgrunn i «Føre-var» prinsippet i naturmangfaldlova likevel ikkje utelukke biologiske verdiar i også slike område.

Resultatet av det nasjonale kartleggingsarbeidet er lagt inn i Naturbase. Basen viser at det er fire naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet og dei er avgrensa og skildra innanfor influensområdet til dette prosjektet. Det gjeld tre edellauvskogskokalitetar samt ei velutvikla og artsrik fosseeng. I tillegg til naturbaselokalitetane er det gitt ei samla vurdering av Stranddalen. Rapportdokumentet er lagt inn som eit eige vedlegg i Naturbase, men merk at på kartet på side 7 er nummeret for lokalitet 3 og 4 bytta om. Dette er retta opp i Naturbase. I dokumentet om Stranddalen er det mellom anna konkludert med at det er mest blandingsskog dominert av boreale lauvtrær og stadvis mykje hassel i ytre delar av kløfta og lisida, men også lokalt noko skog på rik alm og med karakteren middels artsrik. Som kløft er dalen vurdert som ganske markert, men likevel ikkje særleg stor eller variert.

I miljørapporten er det opplyst at lav- og mosefloraen verkar å vera ganske triviell utanom i fosseenga. Det er positivt at det er lagt ved ei artsliste. Mosefloraen i fosseenga er artsrik med mange oseaniske og fuktkevjande artar. Det er opplyst at sjølve elveleiet er praktisk talt utan mosevegetasjon, noko som er naturleg då morenemassane nedst i elvelaupet er svært ustabile og kan flytta seg mykje i flaumperiodar. Det vert konkludert med at potensialet for lav og moseartar som er avhengig av høg luftfukt berre er middels i influensområdet for dette prosjektet. Det er likevel påvist moseartar som indikerer at det er miljø her som er avhengig av at vassføringa i elva vert oppretthalde på eit ganske høgt nivå om artsmangfaldet skal verta teke vare på. Som det går fram av miljørapporten er det tidlegare registrert raudlista artar frå fleire artsgrupper innan influensområdet for dette prosjektet.

Den klart største konsekvensen ved redusert vassføring er dei negative følgjene dette vil få for fosseenga. (Verdi B). I den samanheng vil vi merke at naturtypen fosseberg og fosseeng er i kategorien NT (nær truga) i Artsdatabanken si raudliste for naturtypar som kom ut i 2011. Den registrerte fossesprøytlokaliteten i vassdraget har ei horisontal lengde på ca. 140 m. I Nesset kommune er det registrerte tre fossesprøytsonar, der to ligg i uregulerte vassdrag. Av dei uregulerte er lokaliteten i Strandelva i areal den største.

Vi vil vidare merke at ein del av anleggsvegen og røygata er planlagt i ein rik edellauvskog med verdi A. Verdien er grunngeven med at dette er eit velutvikla og artsrikt område med mange varmekjære artar og mange raudlisteartar. Lokalteten som strekk seg frå småbåthamna og nordover til Stranddalen er stor, men inngrepa inkludert tunnelinnslaget og riggområde, vil likevel vere klart uheldig for dette biologisk sers viktige området. Vi reknar med at det vil bli etablert eit midlertidig massedeponi ved tunnelinnslaget, men vi er usikre på omfanget.

Vi finn å måtte reise motsegn til ei utbygging av vassdraget på grunn av vesentlege konfliktar med naturverdiar. Desse vil vi samla sett karakterisere til å vere av nasjonal karakter. Den klart største konsekvensen ved redusert vassføring er dei negative følgjene som dette vil få for den viktigaste fosseenga i kommunen. Vi legg også til grunn at

anleggsvegen og røyrgata grip inn i ein rik edellauvskog som etter Naturbase har verdi A. Verdien er grunngeven med at området er både velutvikla og artsrikt med mange varmekjære artar inkludert raudlisteartar. Sjølv om det så langt ikkje er kjente raudlisteregistreringar frå den delen av edellauvskogen som blir direkte påverka av utbygginga, bør det likevel leggjast vesentleg vekt på potensialet som dette spesielle skogsområdet har som leveområde for sjeldne artar. Jf. mellom anna § 9 i naturmangfaldlova («føre var prinsippet»)

#### *Fisk*

På utbyggingsstrekninga går Strandelva i fossar, stryk og over fjell og grovare steinmateriale. Dette gir mindre gode forhold for fisk og Fylkesmannen kjenner heller ikkje til at det går fisk i denne delen av vassdraget.

#### *Landskap/friluftsliv/INON (inngrepsfrie naturområde)*

Øvre del av Strandelva er eit svært viktig landskapselement der elva kastar seg ut frå kanten på om lag 600 moh. i eit 70 m fall som er godt eksponert frå bygda. Vidare nedover er vassdraget noko mindre synleg pga. av den trange og innskorne Stranddalen. Bortfall av vatn i fossen er klart negativt og vil endre landskapsbildet, sjølv om det er føreslått minstevassføring. Vassføringa over året etter utbygging kunne med fordel vore illustrert med foto med ulike vassføringar.

Tiltaket vil påverke INON negativt, med bortfall av INON-område på henholdsvis 0,9 km<sup>2</sup> (sone 1-3 km frå inngrep) og 0,06 km<sup>2</sup> (sone 3-5 km frå inngrep). Isolert sett kan dette synest lite, men summen av mange mindre tiltak har vist at inngrepsfrie område i Norge er blitt sterkt redusert.

#### *Kommunal behandling*

Rådmannen innstilte på at vassdraget ikkje skal utbyggast, m.a. med grunngeving i landskapsverknader og tilhøvet til fossenga. Formannskapet vedtok (4 mot 3 stemmer) å tilrå konsesjon med grunngeving at dei økonomiske interessene i kraftproduksjon oppvege ulempe med utbygging.

#### *Konklusjon*


Fylkesmannen viser til merknadene over. Vi finn å måtte reise motsegn til ei utbygging av vassdraget på grunn av vesentlege konflikhtar med naturverdiar. I tillegg vil redusert vassføring vere klart negativt for fossen som er eit viktig landskapselement i området.

### **3.9 Kvidalselva kraftverk AS (Neset kommune) – Clemens Elvekraft AS**

#### Omtale av prosjektet

Kvidalselva er lokalisert på søraustsida av Eresfjorden, mellom fjella Skjorta og Goksøyra. Elva har samløp med Kanndalselva som drenerer ut i Eresfjorden. Kvidalselva kraftverk skal ha inntak på kote 308 og kraftverk på kote 163. Vassvegen blir på 950 m og røyret skal gravast ned på heile strekninga. Røyrgata vil i hovudsak følgje eksisterande skogs-/traktorveg som blir utbetra til bilvegstandard. Frå kraftstasjonen på vestsida av elva skal vatnet førast tilbake i elva via ein 30 m steinsatt kanal. Planlagt minstevassføring er lik ålmennlågvassføring på 65 l/s heile året. Installert effekt vil vere 2,3 MW med ein årsproduksjon på 6,42 GWh.

Det er alt bygt to kraftverk i det same vassdragssystem; Kandalselva og Dokkelva kraftverk.



Illustrasjon frå søknaden



Kvidalselva. Foto frå søknaden.

### Fylkesmannens vurdering

#### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

Det er utført relevante undersøkingar i området og vi har ikkje spesielle merknader til kunnskapsgrunnlaget som er lagt fram. I det meste av utbyggingsområdet er det blåbærskog med bjørk som det dominerande treslaget. Langs elvekanten og somme stadar elles er det noko gråorskog, for det meste ung. Kontinuitet i daud ved er vurdert som dårleg, noko som gjev svakt potensiale for raudlista invertebratar, samt for sopp. Vegetasjon i heile influensområdet er rekna som triviell og med heller dårleg kontinuitet og utan særskild krevjande karplanteartar.

Kryptogamfloraen er fattig og raudlisteartar eller andre svært krevjande artar frå denne gruppa vart ikkje observert. Det er vidare opplyst at potensialet for lav og moseartar langs elva som er avhengig av høg luftfukt er lite. Det er ikkje avgrensa naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet etter kartleggingsmetodikken i DN handbok 13.

Om vassdraget er det opplyst at det er mykje stor stein og lausmassar som truleg stadig er i rørsle i elva. Dette fører til at det er lite mosar og lav å finne her. Det er positivt at springssloggen er med i rapporten.

Etter søknaden vil den eksisterande vegen i vesentleg grad bli brukt som anleggsveg og størstedelen av røyrløinga vil følgje denne.

#### *Forholdet til Eikesdalsvatnet landskapsvernområde (delområde av Dovrefjell nasjonalpark)*

Inntaket til kraftverket er lagt på kote 308. Grensa for Eikesdalsvatnet LV kryssar Kvidalselva på same kote. Plassering av eit inntak heilt på vernegrensa er avhengig av å kjenne nøyaktig grense. Vi rår til at inntaket blir trekt noko ned slik at ein har ei buffersone mot vernegrensa. Vi minner også om naturmangfaldlova § 49, med krav om å vurdere i kva grad utanforliggende verksemd kan medføre skade inn i eit verneområde.

#### *Fisk*

Kvidalselva er storsteinete og inneheld ikkje anadrom fisk. Vi kjenner heller ikkje til om det er lokal bekkeare i vassdraget.

### *Landskap/friluftsliv/INON (inngrepsfrie naturområde)*

Ein kan ikkje sjå Kvidalselva frå Eresfjorden. Først eit stykke opp mot Kannaldalen har ein innsyn til Kvidalen. Området langs Kvidalselva er ikkje særleg nytta som friluftsområde, men Kvidalen med Kvidalsselva er lokalisert mellom fjella Goksøyra og Skjorta. Desse fjella er mykje nytta utfartsområde vinter og sommar, både av lokale og tilreisande. Saman med nabofjellet Fløtatinden er dette «vårski-klassikarar i særklasse» som kommunen skriv på si heimeside. Utbygging av Kvidalselva vil ikkje kome i direkte konflikt med tilkomsten til desse fjellområda. Vi ser likevel ikkje bort frå at fleire inngrep i området, som røyrgate og utvida veg, kan redusere landskapsopplevinga også på noko avstand.

Det framgår av søknaden at det ikkje blir endringar i INON.

### *Konklusjon*

Fylkesmannen viser til kommentarane over og har ut over dette ikkje vesentlege merknader til det omsøkte prosjektet.

## **3.10 Skorga kraftverk (Nesset kommune) – Norges småkraftverk AS**

### Omtale av prosjektet

Skorga er lokalisert heilt vest i Nesset kommune. Vassdraget drenerer nordover til Langfjorden. Skorga Småkraftverk vil utnytte fallet i Skorga mellom kote 325 og kote 5. Installert effekt er på 3 MW med ein årleg produksjon på ca. 10 GWh. Røyrtraséen vil vere på ca. 2120 m og skal gravast ned på heile strekninga. Minstevassføring er sett lik lågvassføring på 32 l/s. Eksisterande veg til Skorgedalssætra vil bli brukt i anleggsfasen. Frå setra til inntaket blir det bygt ca. 140 m ny veg som skal tilbakeførast til traktorveg etter utbygging.



Illustrasjon frå søknaden.




Foto: Lars Kringstad

Parti av Skorga. Frå synfaring 29.06.2011.

### Fylkesmannens vurdering

#### *Biologisk mangfald-terrestrisk*

Etter vår gjennomgang av miljørapporten og informasjon frå Naturbase, er det ikkje noko som tyder på at ei utbygging vil kome i vesentleg konflikt med område som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Det må likevel merkast at vi er usikre på omfanget og



kvaliteten av konsulentens sitt kartleggingsarbeid i september 2008. Etter første utgåve av rapporten skal det ikkje vere spesielle naturtypar i området . I den reviderte er det for austsida av elva vist til 5 viktige naturtypeområde som er kartlagde etter den nasjonale kartleggingsmetodikken. Det er kartlegging som vart gjennomført i samband med naturtypekartlegging i Nesset kommune i 2012. Oppdragsgivaren for dette prosjektet var Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei naturfaglege verdiane på austsida av elva burde ha vore fanga opp under konsulentfirmaet si synfaring i 2008, men det er positivt at data frå Naturbase no blir lagt inn og vurderte i den oppdaterte miljørapporten. Vi kan konkludere med at kunnskapsgrunnlaget for influensområdet på austsida av elva er godt.

I den oppdaterte miljørapporten er det opplyst at naturtypelokalitetane, med til dels innslag av lungeneversamfunn, kan bli litt påverka av fråføring av vatn gjennom eit mindre fuktig mikroklima. Det blir vidare opplyst at ved oppgradering av tilkomstvegen til inntaket, kan beiteskogen og slåttemarka ved Skorgedalssætra bli negativt påverka. Vi vil merke at slåttemarker med verdi A eller B i Naturbase er ein *utvalt naturtype* og er såleis omfatta av ei nasjonal forskrift etter naturmangfaldlova og med spesielle saksreglar om prosessen før eit eventuelt inngrep. Dette gjeld altså slåttemarka ved sætra.

Med bakgrunn i at biologisk viktig natur på austsida av elva ikkje vart fanga opp under firmaet sitt kartleggingsarbeid i 2008, er vi usikre på omfanget av undersøkingar på vestsida av elva der røyreleinga er tenkt lagt.

I kapitel 5.3 om vegetasjonstypar og karplanteflora er det mellom anna opplyst at store delar av vestsida av elva er påverka av ein skogsveg som er bygd langs ei bratt skråning ned mot elva. (Det er mogleg at austside og vestside er bytta om?). Lenger nede i det kapitlet er det informert om at røyrgata er planlagt å gå det meste av vegen ned til stasjonen langs ein gamal seterveg. Det er informert om at mest heile røyrgatetraseen går i blåbærskog av blåbær-skrubbær-utforming (A4b), med bjørk som dominerande treslag. Nokre stadar er det attgroingskog av gråor, samt at det er eit mindre område der det veks nokre eldre tre av gråor og rogn. Skildringa av naturgrunnlaget i dette kapitlet er noko generell og det må kunne stillast spørsmål til om det på vestsida av elva kan vere naturtypelokalitetar av til dømes typen gammal lauvskog.

Vi vil merke at kartet som viser dei viktigaste naturinngrepa gir inntrykk av at røyret nokre stadar er tenkt lagt vel nær elva.

Det er opplyst at lav- og mosefloraen verkar å vera triviell og artsfattig i heile undersøkingsområdet. Fosserøyksoner eller fosseeng vart ikkje påvist innan området. Det vart ikkje gjort funn av signalartar på verdfulle lav- eller mosesamfunn. For mosar og lav er det konkludert med at heile området er lett tilgjengeleg for undersøking og det er rekna med at det meste av interesse vart kartlagd ved inventeringa. Etter det konsulentfirmaet såg, så verka ikkje potensialet å vera særleg stort for funn av sjeldne og krevjande artar korkje av mose eller lav. Det vert såleis lagt til grunn at det ikkje skal finnast særleg anna enn det som er nemnd i rapporten.

Vi saknar eit kart i miljørapporten som viser firmaet si synfaringsrute.

### *Fisk og ferskvassøkologi*

Vi kjenner ikkje til registreringar av anadrom fisk i dette vassdraget, men reknar med at det finst lokal bekkeare. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Det er lagt opp til minstevassføring lik ålmenn lågvassføring på 32 l/s. Vi føreset at denne blir heilårleg.

### *Landskap/friluftsliv*

Fjellområda sør for Skorgedalen er del av eit større regionalt friluftsområde. Lokalt er likevel ikkje Skorgedalen særleg nytta som turområde, heller ikkje som innfallsport til fjellområdet lenger sør. Mittetdalen, nabodalen i vest, er den naturleg innfallsporten til dette området frå nord.

Skorga ligg nedskore i landskapet og er lite synleg som landskapselement. Berre nedre del kan sjåast frå riksvegen. Området er delvis prega av tidlegare inngrep som skogsvegar og hogstfelt.

Etter synfaring i 2011, ved vurdering av konsesjonsplikt, peika vi på at «Elvedalen på begge sider består av mykje lausmassar (jfr. kvartærgeologisk kart). Skogsvegen på austsida av elva skjer gjennom massane på fleire stader og det er teikn på at desse er delvis ustabile, med tidvise utrasingar. Røyrгатetrasèen er lagt svært nær elva på fleire parti og vil gå gjennom ryggar som sannsynlegvis er lausmassar. Ustabile massar i kombinasjon med eit tidvis svært bratt terreng kan by på klare utfordringar, særleg i ein byggefase.» I søknaden er det lagt fram ein eigen rapport som har vurdert erosjon/skredfare. Den konkluderer med at skred og sidebratt helling ikkje vil vere ei utfordring dersom det blir utført med riktig val av byggemetodar. Dette skal ivaretakast gjennom detaljplanlegginga. Det er viktig at dette blir gjort på ein slik måte at landskapsinngrepet blir minst mogleg og at det blir lagt vekt på ei god istandsetting og revegetering av røyrtrasèen.

Det er generelt ønskeleg med ei god buffersone mellom elv og røyrgate. Ein må derfor vurdere i kva grad det er mogleg å legge røyrгата lenger vekk frå elva på enkelte parti.

### *INON(inngrepsfrie naturområde)*

Tiltaket vil redusere INON-område sone 2 med ca. 1 km<sup>2</sup> og sone 1 med 0,3 km<sup>2</sup>. Reelt sett kanskje noko mindre fordi den eksisterande vegen opp til Skorgdalssetra går noko lenger enn det som framgår i INON-registreringane. Sjølv om reduksjonen ikkje er vesentleg, er dette ein del av dei inngrepsfrie naturområda i fjellområda nord for Isfjorden som er mellom dei særskilt prioriterte områda i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde i Møre og Romsdal. Dette må takst med i vurderinga ved den endelege behandling av søknaden.

### *Konklusjon*

Fylkesmannen viser til merknadene over og rår til at desse blir tatt omsyn til ved behandling av søknaden.

Ut frå omsynet til ålmenne interesser vil vi isolert sett ikkje gå imot Skorga kraftverk. Det er etter kvart mange kraftverksprosjekt i området, både utbygde og nye omsøkte tiltak. Vi legg til grunn at det blir gjort ei samla vurdering av desse som ein del av avgjerdsgrunnlaget.

### **3.11 Forholdet til andre lovverk**

For alle søknadene gjeld følgjande:

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av søknadane etter laks- og innlandsfisklova. Vi kan heller ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

#### **4. Oppsummering**

Etter ei samla vurdering fremjar Fylkesmannen motsegn i medhald av vannressurslova § 24 til omsøkte planar for utbygging av Tverrelva, Loftdalselva, Høgseterelva og Rabbelva (alternativ A) og Strandelva.

Fylkesmannen rår i frå Rabbelva alternativ B. Vi rår også til at ein vurderer eit redusert alternativ i Smøråa som ikkje får så store konsekvensar for den øvre delen av vassdraget (fossen).

Fylkesmannen vil ikkje gå imot utbygging av Morgådalselva, Skorgeelva og Stokkelva, Kvidalselva og Skorga. Vi viser likevel til våre merknader til desse prosjekta.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Linda Aaram  
miljøverndirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

#### **Fagsaksbehandlar**

Biologisk mangfald – terrestrisk, Kjell Lyse tlf. 71 25 84 26

#### **Kopi:**

Neset kommune

Rauma kommune

Miljødirektoratet postboks 5672 Sluppen 7485 Trondheim

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde